




*Torget i Stavanger bugner av leiketøy, 1930-talet. Foto: * Statsarkivet i Stavanger.*



PINNESPEL FRÅ VARHAUG OG KINA

REIDUN GUDMESTAD UNDHEIM


Mor til Kolbjørn Fitje på Lerbrekk i Varhaug brukte pinnesjalusi for å verna potteplantene mot sterk sol. Av og til lurde ungane seg til å brekka av pinnar for å spela pinnspel eller ein slags kogre. Det gjorde «tenå», seier han no. Og undrast over at mora ikkje kom på å gi ungane kniv og «ebne» og setja dei i gang å smi pinnane sjølv. Andre i barneflokkjen Fitje på Lerbrekk minnest at dei spelte med stikker.

Seinare kjøpte dei eit sett kogre av ei dame frå Engelsvoll. Men då var Kolbjørn vaksen. Kogre vart for ein lang periode lite viktig, til han som pensjonist sjølv gjorde det til hobby å smi dei.

Og Kolbjørn Fitje har altså ein stor del av ansvaret for at det i dag igjen finst kogre i mange

jærseke heimar. Kor mange sett det har vorte, har han ikkje tal på. Men på julemesser rundt om på Jæren går dei unna kvart einaste år.

«Kogre, stikkspel, smidde pinnar med utkrota hovud, vart kasta i ein haug og skulle pirkast fram utan at dei andre pinnane kom i rørsle. Slå kogre.» Slik står det i boka om Time-dialekt, «Haurt saure». Kolbjørn Fitje tek fram «kogre-boka» si og blar. Desse er frå Ånestad. Desse er frå Engelsvoll, frå Risa, frå Braut. Det eine settet etter det andre har han laga modellar av og limt inn i boka. Nokre er berre teikna inn. Alle er dei forskjellige. – Det ser ut som kvar gard hadde sitt mønster, meiner han. Eller kanskje at kvar smiar hadde ein måte å laga pinnspelet på?



*Litt frå den modellen og litt frå den. Her er ulike mønster sette saman til det kogrespelet Kolbjørn Fitje no lagar.
Foto: Reidun Gudmestad Undheim*

Sjølv har Kolbjørn Fitje teke litt her og litt der og på den måten sett saman sitt eige spel med mønster han tykkjer passar i hop. Han bruker sju forskjellige pinnar i kvart spel. Fire av kvar. Men ikkje så mange som det skulle vore av dei beine spøtene. Før dei er så kjedelege å smi.

– Det har nok site nokre smiarar rundt forbi, seier han og fortel om ein tenestedreng som skal ha smidd kogre til ungane i fritida. Kvar pinne hadde namn og stod for ein spesiell poengsumm. Det galt altså å samla mest poeng med å samla inn pinnane. Av namn kan nemnast keisar, konge, dame, spyd, kufot. Ulike redskap som spade, spyd osv.

Eg trur nok det har funnest kogre over heile landet, somme meiner heile verda, legg han til. Og det passar god med ein svensk artikkel i årboka «Kulturen» i 1960. – Men eg har høyrte frå Solør at der brukte dei berre spøter og kalla dei tømmerstokkar, seier han. Og nettopp slik har det truleg vore. Overalt har dei spelt med pinnar, med lokale variasjonar. Ja, den svenske artikkelforfattaren Sigfrid Svensson meiner også at ei tid vart pinne-spel brukte for å halda vekke dei meir «syndige» korta.

Det var altså som pensjonist at Fitje tok til å interessera seg for gamle spel, og fekk tid til å begynna å putla med kniven. Og det er langt frå berre kogre han konsentrerer seg om. Han har mange slag spel under arbeid. Somt grovare arbeid må gjerast i uthuset. Anna, som kogresmiing, føregår helst ved kjøkkenbordet.


Materiale finn han på byggeplassar rundt omkring. Somme samlar til han, og av og til spør han sjølv eller etter ein pinne. Det går helst på gran. Men emnene er svært forskjellige. Ikkje alle like



Ved kjøkkenbordet på Lerbrekk i Varhaug smir Kolbjørn Fitje emnene til kogre. På julemesser over heile Jæren er etterspørselen stor.

Foto: Reidun Gudmestad Undheim

villige til å la seg dela og smi til kogrespel. Men er emnet villig og alt går godt, så kan han ha ferdig eit sett på ein føremiddagsstund, sånn eit par timars tid. Men det varierer veldig.



Slik ser kogrene frå Ånestad ut. Kolbjørn Fitje har samla ulike modellar i «kogreboka» si.

Foto: Reidun Gudmestad Undheim

Lenge brukte han kvar pinne 13 cm lang. Men etter kvart fann han ut at han sikkert hadde teke mål etter avbrekt modell. No bruker han dei litt lenger.

– Spelar du og kona kogre?

– Nei, aldri. Det må vera om det kjem ungar på besøk.

Tilbake til den svenske artikkelen. Skrapnos er kogrene kalla der. Taparen skulle få ein pinne som førestilte sag dregen over nasen.

Artikkelforfattaren trur at spelet kjem frå Kina. Medan det blant indianarane fanst pinnespel med røde og blå ringar som liknar på det nymotes mikado. Og i gamle skrifter frå India står det om liknande spel spela med brende stikker.

Og enno lever det altså iblant oss. Enno finst dei som er med og held gammal tradisjon ved like.

Blant dei er Kolbjørn Fitje som kvart år fører nye sett kogre ut blant folk på Jæren gjennom julemes-ser. Og han er heller ikkje den første som lagar sin eigen variasjon, ulik både dei frå Kina, India, Ånestad og Braut.

Reidun Gudmestad Undheim

Journalist i Stavanger Aftenblad, Jærkontoret.

Adresse: Stavanger Aftenblad, Jernbanegt. 9,

Pb. 173, 4341 Bryne.